

Årsmelding for Solund Sendebrettlaug for år 2022

Solund Sendebrettlaug vart stifta 28. juni 2015 av 15 stiftarar. Den 20. august same år vart lauket formelt tatt opp som undergruppe i Solund IL.

Lauket sitt føremål er

«Solund Sendebrettlaug skal drive både toppidrett og ha det moro innafor dei lovmessige og etiske rårer som Norges Idrettsforbund og Solund Idrettslag gjev».

Årslaugsmøte i år 2022 og laugsrådet

Det vart halde årslaugsmøte den 26. mars 2022. Laugsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

Faste medlemmer:

Lillian Herland (2 år)
Endre Natvik (2 år)
Ola-Andreas Hande (2 år)
Lars Myhrer (2 år)
Fanni Balatoni (1 år)
Kim Arnes (1 år)
Kristian Hemdal Leirvåg (1 år)
Håvard Harnes Mongstad (1 år)

Varamedlem:

Det vart ikkje vald varamedlem for år 2022

Kontingenten fastsett til:

Kr. 200 pr. medlem
Kr. 400 for familiemedlemsskap (inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår siste år VGS) I medlemsskapen er det inkl. 1 laugsdisk. pr. medlem. 2 diskar er inkl. i familiemedlemsskapen).

Laugsmedlemene

Det var 55 betalende medlemmer i lauket i år 2022 med smått og stort. Av desse var 5 småbarn inkludert i familiemedlemsskapar som ikkje sjølv klarar å spele disk golf.

Laugsrådet sin møteaktivitet og saker

Det har vore gjennomført eitt laugsrådsmøte i meldingsåret. Dei viktigaste sakene for lauket i driftsåret 2022 har vore:

- Gjennomføring av Solundmeisterskapen 2022.
- Vidareutvikling av prosjekt "Solund som disk golfdestinasjon". Naudsynte avklaringar med kommune med omsyn til endringar for hull 16 og 17, vedlikehald/drift av bane, og moglegheit for utviding av banetrasè mellom dagens hull 4 og hull 5.
- Oppretthalde tilbod for sal av diskar med laugslogo på.
- Kurs og instruksjonar for tilreisande grupper. Både ungdoms- og vaksengrupper.
- Syte for respektabel stand på bana for tilreisande disk golfarar gjennom sesongen.

Lauget trakkar sin eigen veg: Solundmeisterskapen 2022

Den kjipe og uutholdelige koronapandemien var ei vitamininnsprøyting for diskgolffen si framvekst i Noreg og internasjonalt. I dag kryr det av diskgolffarar landet rundt, og nye banar vert etablert både i sentrumsnære strøk og i utkantstrøk. Dette er ein sport som har kome for å bli i Noreg. Stadig fleire (inkludert underteikna) nyttar feriedagar der diskgolffbaner er det sentrale reisemålet.

Fylket Sogn og Fjordane har eit relativt begrensa utval diskgolffbaner. Tilsvarande er utvalet i Bergen og omegn beskjedent når ein samanliknar seg med østlandet og nærleik til Oslo. Gode og profesjonelle diskgolffanlegg er eit kjærkomment tilbod for alle som liker diskgolf på Vestlandet.

Med stadig fleire diskgolffarar veks etterspørsel etter gode og attraktive diskgolffanlegg. Det er eit stort behov for diskgolffarrangement som inviterar både amatørar og profesjonelle kastarar.

Når det gjeld turneringstilbod vert det på nasjonalt plan arrangert Norges Cup. I Norges Cup vert det arrangert 5 turneringar i løpet av året. Dette er ein profesjonell arena for dei beste i landet. Dei aller, aller beste spelarane i Noreg trekk utanlands for å prøve lykken.

I regionalt perspektiv samarbeidar diskgolfklubbar og legg til rette for ulike "tour'er". Ein tour inneheld X-antal turneringar for regionen det gjeld. Her vert vinnarane premiert i dei enskildde turneringane, i tillegg til tour-meistrar i alle klassar.

På Vestlandet har dette vore løyst med Vestkysttouren. Historisk har dette våre eit samarbeid med arrangørar frå Rogaland, Hordaland og Solund.

I driftsåret 2022 valde lauget å på ny arrangere turnering utanfor vestkysttour konseptet. Bakgrunnen var som følgjer:

- Lauget synes Solundmeisterskapen har blitt eit signaturarrangement. Det spesielle landskapet, geografien, reiselogistikk, ressursar, banekapasitet, spelaratmosfære og påfølgende pargolf dagen derpå. Det har vore i lauget si interesse å vere "eigen" arrangør, for å kunne halde konkurransen på eigne premiss og vilkår.
- Lauget opplever at Solundmeisterskapen er eit arrangement som bidreg til diskgolffglede lokalt og regionalt for både amatører og profesjonelle.
- Lauget utelukkar på inga måte at Solundmeisterskapen kan ta del i eit vestkysttourkonsept ved seinare høve. Vestkysttourkonseptet er eit fantastisk tilbod for regionen.

Den 07.05.2022 arrangerte Solund Sendebrettlaug Solundmeisterskapen 2022. Det skulle kårast Solundmeistrar, og det skulle kårast laugsmeistrar for året 2022.

Påmeldingsansvarleg fulgte påmeldinga tett. Ëin etter ein tikka det inn påmeldingar. Skulle turneringa verte fullteikna, med ei spelarbegrensing på 72(!) deltakarar? Historisk sett har det låge rundt 30-40. Det ville i såfall vere heilt, heilt spesielt med fullteikna turnering. Det ville vere ei enorm(!) bekræftelse på at lauget har lagt tilrettelagt for diskgolffglede både lokalt og regionalt!

Jommen.. Turneringa vart fullteikna, og det tikka inn e-postar til påmeldingsansvarleg der det vart trygla om å få vere med sjølv om det var fullt.

For å gjere det klart: Av dei 72 påmelde var kring 20 stykk laugsmedlemmer. Det vil seie: 52 stykk var tilreisande på helgetur og/eller dagstur frå Bergen, Oslo, Sandnes, Askøy, m.m. Lauget merka seg at ein større andel spelarar denne gongen hadde tatt dette som ei langhelg. Det klirra i kjettingane allerede fredags morgon og til langt på kveld.

Med det nye klubbhuset oppe å gå og med sola som skein (som alltid), vart dette ein uforgløyemeleg

dag som gjekk inn i historiebøkene til laugget. Når startskotet gjekk var det altså 4 stykk spelarar fordelt på samtlege 18-hull på bana. Banemeister var difor ekstra spent på korleis bana stod seg, og om tidsbruken passa med lunsjpause og ferjelogistikk.

Attendemeldinga frå deltakarane etter turneringa var utelukkande positive. Spelarane elsker atmosfæren, omgjevnadane og spelargleda. Det har allereie tikka inn førespurnader på når vi skal arrangere Solundmeisterskapen 2023.

Solundmeisterskapen 2022 vart ein storstilt suksess. Det vart gjort ein fantastisk innsats, med tilsaman 150 dugnadstimar utført av laugsrådet, laugsmedlemer og andre friviljunge som alle bidrog til å realisere arrangementet.

Meisterskapen vart sponsa med ein samla verdi på kr. 58.000 av heile 23 lokale verksemder og Sparebankstiftinga ytte kr. 20.000 i tilskot til arrangementshelga.

Den viktigste saka for laugsrådet kan difor betraktast som fyllbyrda.

Resultata frå Solundmeisterskapen 2022:

Junior: 1. Gaute Lerpold Hauge

Open Dame: 1. Ida Emilie Nesse
2. Karoline Harnes Mongstad
3. Irene Paulsen

Open: 1. Håvard Harnes Mongstad
2. Jon E. Liseth
3. Cristian Enrique Del Rio / Torstein Mongstad

Laugsmeistrar for året 2022:

Junior: Gaute Lerpold Hauge
Open Dame: Karoline Harnes Mongstad
Open: Håvard Harnes Mongstad

Vidareutvikling prosjekt "Solund som diskgolfdestinasjon"

Grunna nytt bustadfelt i Storehaugen ved Idrettsparken er det 2 hull som vert hindra i ein slik grad at det på sikt kanskje ikkje vil vere rå å spele på dei slik vi kjenner dei. Difor har laugget saman med Solund kommune kome fram til eit nytt område i Draumeparken der ein kan legge til rette for nye hull.

Laugget har kome langt i prosessen, og i skrivande stund er det endelege banedesignet for den nye delen 90% spikra. Det er òg spikra nye utkastmatter som er lagt ut i terrenget, og korger er montert opp. Så i praksis er denne delen av bana spelbar i dag. Laugget vil i driftsåret 2023 halde fram med å tilrettelegge denne nye delen av bana for diskgolffarar i form av tilrettelagt tursti og å gjere klar banene (lage utkast, rydde buskvekster, kutte sprakje, lage klopper, m.m.).

Konkurransaktivitet for laugsmedlemmar i driftsåret 2022

Under er ei oversikt over laugsprestasjonar for konkurransar utover Solundmeisterskapen for året 2022. Ber om årsaking på førehand dersom nokon saknar namnet sitt tilhøyrande ei turnering.

Ein kan merke seg at dette er første året der laugsmedlem har prøvd seg i Norgesmeisterskap i pargolf. Legg òg merke til fremadstormande Gaute Lerpold Hauge som klinka til med 3. plass i signaturkonkurransen "Måløyraidet".

- Norgescup 2022 → Flaktveit Open
 - Karoline Harnes Mongstad – 7. Plass Open Damer
 - Håvard Harnes Mongstad – 13. Plass Open
- Måløyraidet 2022
 - Gaute Lerpold Hauge – 3. Plass Junior.
- Norgesmesterskapet i Pargolf 2022
 - Håvard Harnes Mongstad og Lars Myhrer – 38. Plass Open
 - Karoline Harnes Mongstad og Marianne Harnes – 7. Plass Open Damer

Vedlikehald av bana

Det vart gjort rydding/svirring av bana og den var i god stand for både lokale og tilreisande.

Kasteåret 2022 vart prega av dårleg vêr på sommartid. Det dårlege vêret gjorde at aktiviteten på bana var noko lågare enn det kunne ha vore. Dette til tross så merkar dei næraste naboane at det klirrar godt i kjettingane i både tider og utider.

Ein merkar seg at bana har fått ei spelarrating i den velkjende appen ”Udisc”. Her har bana 4,7/5,0 mulige stjerner. Det er i toppen i nasjonal samanheng. Det er kastarar sjølv som rater bana, så dette er eit kvalitetsteikn for diskolfdestinasjonen.

Økonomi

Lauget hadde eit positivt driftsresultat på kr. 7.615 i år 2022. I tillegg har verdien på varelageret med laugsdiskar auka med vel kr. 2.000.

Det positive resultatet skuldast i all hovudsak den vellukka Solundmeisterskapen, der sponsorinntektene overgjekk all forventning. Det er også verd å merke seg at lauget har klart å finansiere starten på prosjekt «Utviding av diskolfbana», med om lag kr. 20.000.

I banken har lauget pr. 31/12 om lag kr. 44.000 før tilskotet frå Sparebankstiftinga er utbetalt. Driftsresultatet og midlar på bok synast såleis no å vera godt. Dette gjev eit godt grunnlag for vidare drift og for den prosjektsatsinga som no er i full gang.

Konklusjon

Lauget er nøgd med driftsåret 2022. Solundmeisterskapen vart ein suksess, og bana var i god stand for både dei som er glad i å kaste, og for dei som ynskjer å nytte bana som ein trimtur.

Lauget er nøgd med å ha fått på plass avklaringar med kommunen for utviding i Draumeparken, og gler seg til å ferdigstille dei aktuelle hulla og turstien.

Styret ser fram til eit nytt spanande diskolfår.

Hardbakke 7. februar 2023

Styret

sign